



### Etablerer avdeling av Statens Barnehus for Sogn og Fjordane

Gjennom eit systematisk og målretta arbeid på tvers av politiske skillelinjer, i tett samarbeid mellom [Statens Barnehus i Bergen](#) og fleire offentlege organisasjonar i fylket, så ligg det no til rette for oppstart av barnehusavdeling i Sogn og Fjordane i haust.

Barnehusavdelinga vil bli lokalisert i Førde sentrum. «Barnehuskonseptet» inneber at alle offentlege instansar kjem dit borna er. Målet er å styrke born sin rettstryggleik, og sørge for ei god heilskapleg ivaretaking av born/ungdom og deira familiar. Barnehuset er for born og ungdom der det er mistanke om at dei kan ha vore utsett for, eller vore vitne til, vald eller seksuelle overgrep. Tilbodet er og for vaksne med utviklingshemming eller vaksne som er særleg sårbare, samt ungdom som kan ha vore utsett for tvangsekteskap eller kjønnslemlesting.

[Vest Politidistrikt](#) er ansvarleg for etablering av barnehusavdelinga. Eininga vil bli bemanna med tilsette frå Statens Barnehus Bergen. [Helse Førde HF](#) har ansvar for medisinske undersøkingar, og Sogn og Fjordane fylkeskommune for tannhelsetenestene.

### Medisinsk avstandsoppfølging i Eid kommune

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt seks kommunale samarbeidsprosjekt tilskot til å delta i [utprøving av medisinsk avstandsoppfølging](#) for kronisk sjuke frå hausten 2018 til og med 2021 i samarbeid med [Nasjonalt velferdsteknologiprogram](#). Eid kommune er ein av desse.



*På biletet frå venstre: Thomas Vingen Vedeld (Kommuneoverlege i Eid), Torill Nydal (Helfø), Lise Grønbukt (sjukepleiar i primærhelseteam, Eid Legekontor), Carl-Erik Grimstad (Medlem i Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget, Venstre), Alfred Bjørlo (ordførar i Eid), Siw Helene Myhrer (Helsedirektoratet), Anne-Ruth Botn Bjørlo (rådgjevar velferdsteknologi, Eid kommune), Linda Gotteberg (leiar Helseavdelinga, Eid kommune), Rolf Johannes Windspoll (Helsedirektoratet): Fotograf: Elin Paulsen, informasjonsmedarbeidar Eid kommune*

Medisinsk avstandsoppfølging har som mål legge til rette for at menneske med kroniske lidningar betre kan meistre eigen sjukdom. Då er førebygging og tidleg innsats ein viktig del. Betre pasientoppleving er eit av effektmåla. Medverknad er ein viktig strategi for å nå målet om at brukarane i større grad skal ha ei kjensle av å ha [kontroll over eige behandlingsopplegg](#).

Erfaringar frå medisinsk avstandsoppfølging viser at betre samhandling mellom dei ulike tenesteniåa er ein av gevinstane. Tettare samarbeid kan vere med å gjere pasientforløpa heilskaplege og saumlause. Ein del av prosjektet vil handlar om å lage gode tenesteforløp der ein har ei tverrfagleg tilnærming og saman definerer arbeidsprosessar, rutiner, roller og ansvar.

I samband med prosjektet har ein skrive intensjonsavtale med Eid legekontor og Helse Førde HF representert ved Nordfjord sjukehus/Nordfjord Psykiatrisenter. Selje kommune er og ein naturleg samarbeidspartnar i prosjektet med tanke på kommunesamanslåing i 2020. Samanslåinga med Selje til nye Stad kommune gir og ei geografisk utfordring som dette prosjektet kan vere med til å imøtekomme gjennom bruk av ulike teknologiske løysingar.

Eid er og pilotkommune i høve [primærhelseteam](#), og dei to prosjekta vil arbeide tett saman.

## Innføring av pasientforløpet NORPAL i Sogn og Fjordane



[Føringar frå styresmaktene](#) peikar på kor viktig det er å sikre eit velfungerande pasientforløp knytt til [palliativ omsorg](#) og behandling for å kunne gi ei heilskapleg oppfølging. Gjennom det interkommunale prosjektet NORPAL har ein i Nordfjord arbeidd systematisk i høve denne pasientgruppa og deira pårørande. Kommunane Vågsøy, Stryn, Eid, Selje og Hornindal har vore deltakarar. Første del av prosjektet starta opp i juni 2016, og blei avslutta i desember 2017.

Deltakarane i prosjektet ar fått ein palliativ plan og ei handbok som er knytt til ei heimemappe. Planen er utvikla for å imøtekomme pasient og pårørande sine behov og rett til deltaking og medbestemming. Den skal vere avklarande, er tenkt å vere med å gi tryggleik, og skal freiste å samle dei ulike aktørane til tverrfagleg samarbeid. Planen har og som ambisjon å vere med å sikre eit likeverdig tilbod i kommunehelsetenesta.

Den palliative handboka er utarbeidd av fastlegar, og er ei konkret «oppskriftsbok» på 28 sider til bruk for fastlegar som skal følge opp tiltaka i planen. Pasienten får og ein eigen «*lindrane koordinator*» i kommunen som føl opp planen. Dette er oftast ein ressurs- eller kreftsjukepleiar.

I 2018 – 2019 vidarefører ein arbeidet ved «*Innføring av pasientforløpet NORPAL i Sogn og Fjordane*». Alle kommunar i fylket som ønsker det, kan hausten 2018 kan få ei eiga opplæring i høve til korleis ein arbeider i pasientforløpa med forankring i NORPAL. «*Dette vil kunne styrke samarbeidet i ressursnettverket til kreftomsorg og lindrande behandling, og vidareutvikle samhandlinga mellom kommunehelsetenesta og helseføretaket*», seier kreftsjukepleiar og prosjektleiar Pia Gjørsvik Kvernevik.

*Nokre av deltakarar i prosjektet: Frå venstre på biletet: Turid Blålid, leiande helsesøster Vågsøy, Tove Lill Hjertenes, sjukepleiar Vågsøy, Helge Sårheim, overlege i Palliativt Team Helse Førde HF, Hilde Marriott, kreftsjukepleiar Eid, Pia Gjørsvik Kvernevik, prosjektleiar/ kreftsjukepleiar, Eli Bente Lote Henden, kreftkoordinator i Nordfjord og Frode Smelror Hestdal, fastlege Vågsøy. Fotografi: Marthe Aase*



To av delmåla knytt til vidareføringa er knytt til betre samhandling når pasientar blir innlagt eller utskrivne, og bruk av telemedisin familiesamtaler/utskrivingssamtalar ved innlegging i sjukehus. Mellom anna ønsker ein å utarbeide felles retningslinjer og flytskjema mellom kommunane og Helse Førde HF. Dei som er interesserte i å delta eller få meir informasjon om prosjektet, er velkomne til å ta kontakt med prosjektleiar [Pia Gjørsvik Kvernevik](#).

## Inviterer til grunnkurs i helsepedagogikk

Mandag 10. og tirsdag 11. september inviterer Lærings- og meistringscenteret i Helse Førde HF til grunnkurs i helsepedagogikk. Målet er å gi deltakarane innspel i høve til korleis ein kan planlegge, gjennomføre og evaluere gruppebaserte kurstilbod. Å leve med kronisk sjukdom, gruppeleiarrolla og brukarmedverknad står mellom anna på programmet. Nærare informasjon om tilbodet vil bli sendt alle kommunar, og publisert på Helse Førde HF si nettside.



**Vi ønsker alle våre samarbeidspartnarar ein riktig fin sommar !**